

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/15	Formannskapet	PS	12.11.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Therese Urdahl Braseth	15/3030

Godkjenning av byggeprogram for ny Knarvik barneskule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet slik det ligg føre.
2. Kommunestyret ber rådmannen greie ut om det er det er tenleg å plassere læringscenteret i ny skule.

Formannskapet - 073/15

FO - behandling:

Rådmann la fram endring i framlegget til vedtak der punkt 2 går ut.

Framlegg frå M-E Sandvik-H:

Nytt pkt i rådmannen sitt framlegg

pkt. 3 Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ei sak om symjehall og terapibasseng i Knarvik, med fokus på plassering og økonomi (investering/drift).

Framlegget fekk 1 røyst M.E.Sandvik-H) og fall

Fellesframlegg:

Nytt punkt 2 Kommunestyret bed prosjektet vurderer behov for tilleggsareal som lager/bod til skulen og frivillige lag.

Punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke

FO - vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet slik det ligg føre.
2. Kommunestyret bed prosjektet vurderer behov for tilleggsareal som lager/bod til skulen og frivillige lag.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Saksutgreiing:**1) Innleiing - kort om prosjektfasar og byggeprogram spesielt:**

Eit investeringsprosjekt (Byggeprosjekt) består av fire fasar.

2. Programmeringsfasen

1. Behovsvurdering
2. Byggeprogram

3. Prosjektering/funksjonsbeskrivingsfasen

1. Skisseprosjekt
2. Forprosjekt (funksjonsbeskriving ved totalentrepriser)
3. Detaljprosjekt
4. kontrahering

4. Byggjefasen

5. Drift- og reklamasjonsfasen.

Produksjon 3-5 år					Bruk 60+ år	
Ide	Prosjektering		Utførelse/bygging		Drift og vedlikehold	
Behov /Programmering	Skisse- /forprosjekt	Detaljprosjektering	Montasje	Overtakelse	Garantitid/ reklamasjon	Vanlig drift

Behovsvurdering og byggeprogram er ein del av programmeringsfasen, som prosjektet er i nå. Her skal ein greie ut behov og setje rammene for prosjektet.

Det er ulik grad av usikkerheit knytt til dei ulike fasane. Frå ei kalkyleusikkerheit på +- 50 % i behovsvurderingsfasen og til +-10% når prosjekteringsfasen er ferdig. Byggeprogrammet har ei kalkyleusikkerhet på +-30 %. På Knarvik barneskule er usikkerheita knytt til grunnforhold, vegløyising, grad av energiløyising (passivhus eller anna) og kjøp av tomt.

I denne konkrete saka skal kommunestyret ta stilling til byggeprogrammet for Knarvik barneskule.

2) Bakgrunn for prosjektet:

Ny Knarvik barneskule vart lagt inn i investeringsbudsjettet for 2014 med kr 150 mill, dette er seinare justert til kr 175 mill grunna auke i elevtalsprognosane.

Resultatet av prosjektet vil vere at Knarvik barneskulekrins vil få ein ny og framtidretta skule med kapasitet til å ta imot 350 elevar, med mogelegheit for utviding til 450 elevar på regulert naturtomt på Kvernhusaugane aust. Sjå tabell 1 for prognosane for Knarvik barneskulekrins mot 2030*.

Elevtalsprognose Knarvik barneskule

(med faktiske elevtal frå skulen tom skuleåret 14/15)

	Prognose----->																												
	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30									
1. årstrinn	28	31	34	31	29	33	45	16	32	27	39	35	38	40	43	44	46	47	49	51									
2. årstrinn	20	29	29	33	29	29	34	46	18	33	28	40	37	39	42	44	45	47	49	51									
3. årstrinn	39	21	31	27	31	29	28	34	46	17	32	28	39	36	39	41	43	45	47	48									
4. årstrinn	24	39	22	30	29	32	30	30	35	47	18	34	29	41	37	40	42	45	46	48									
5. årstrinn	39	21	36	24	27	29	31	30	29	34	46	18	33	28	40	37	39	42	44	45									
6. årstrinn	31	39	19	37	28	29	30	33	31	30	36	48	19	34	30	41	38	41	43	45									
7. årstrinn	31	31	40	21	32	28	29	31	33	31	31	36	48	20	35	30	42	38	41	44									
sum 1-7	212	211	211	203	205	209	227	220	224	219	230	239	243	238	266	277	295	305	319	332									

Tabell 1 – Elevtalprognose Knarvik barneskule, Norconsult2014

Prosjektgruppa har utarbeida ein kortfatta prosjektplan i tillegg til byggeprogram. Prosjektplanen skal ikkje handsamast politisk, men utdrag av prosjektplanen er tatt med i denne saka. Byggeprogram skal leggjast fram for kommunestyret 26.11.15.(FO 12.11.15).

Vurdering:

Byggeprogram

1. Entrepriseform

Det blei tidlig avklart at prosjektet skulle nytte samspelsentrepris som metode. For dei som ynskjer å lese meir om samspel kan vise til www.anskaffelser.no og søke på «samspillentrepris» i søkemotoren. Her kjem det opp mykje informasjon og ein rettleiar.

Hensikta med samspel som metode er å samarbeidde med næringslivet i forkant av ei anskaffing. Før kontrakt er inngått står ein mykje friare i høve til reglementet for offentlege anskaffingar. Ein sentral del av prosessen er å gjennomføre ei prekvalifisering (ein måte å velje ut eigna kandidatar) og deretter søkje å få dei beste løysingane på bordet. En vel så ei samspelsgruppe. Det finnes mange variantar av samspel, men dei endar anten opp som samspel mot totalentrepris eller samspel mot målsum, open bok og incitamentar. (dele det som går over/under målsum etter ei fast prosent).

Prosjektgruppa har ikkje landa på kva for metode vi kjem til å gå for. Det er inngått ein avtale med ein ekstern erfaren prosessrettleier, som skal rettleie oss i samspelsfasen sidan dette er nytt for kommunen.

2. Enkelt funksjonsprogram

Funksjonsprogrammet seier noko om kva for funksjonar og tenester den nye skulen skal innehalde. Grunnlaget for funksjonsprogrammet vert danna av prosjektplanen og nemnte sentrale dokument i den; Kommunedelplan for grunnskulen i Lindås 2009-2020[1], dei overordna føringane i gjeldande læreplanar for barneskuletrinnet og innspel frå brukarmedverknadsprosessen.

Medverknad har vore i samsvar med prosjektmandatet med oppstartsmøte og fleire møter med brukargruppa og referansegruppa.

Kommunedelplan for oppvekst er under utarbeiding og kan implementerast i neste fase av prosjektet.

Samanstilling av visjonar og prinsipp vi legg til grunn for ny skule:

- Ein ny skule skal vere framtidsretta, transparent og fleksibel.
- Skulen skal lett kunne tilpassast forandringar og nye situasjonar slik at endringar i organisasjonsform, undervisningsopplegg og arbeidsmetodar enkelt kan tilpassast seinare læreplanar/føremål.
- Det skal ikkje vere baseskule i den betydning at ein har opne landskap med arbeidsplasser til 50-60 elevar, men romma skal kunne ha ulike funksjonar og ha fleirbruk og kvart trinn skal ha sitt heimeområde (garderobar, arbeidsplassar, formidlingsrom, grupperom, felles aktivitetsareal og lager).

Ut frå [1] pkt. 2.8 skal skuleanlegga leggje til rette for små og store elevgrupperingar, for rolege og meir aktive læringsformer, for sosial kontakt og individuell fordjuping, for formidling og utforsking, for teoretisk og praktisk tilnærming, og for ei rekkje andre former for mangfald. Ikkje

- minst må læringsareala utformast på ein slik måte at det er mogleg å gjennomføre ulike typar aktivitetar på same tid.
- Ein ynskjer å finne gode løysingar for ulike sambruksfunksjonar med gode løysingar for sambruk/fleirbruk av både uteareal og bygningsmasse gjennom døgnet.
- Skuleanlegget skal utformast slik at vaksne og barn har gode høve til å utøve sine arbeidsoppgåver.
- Anlegga bør ha planløysingar som gjev godt og inspirerande arbeidsmiljø for både elevar og tilsette. Det bør leggjast vekt på estetisk gode løysingar både innvendig og utvendig.
- Skulebygget skal gje ei oppleving av trivsel og tryggleik.
- Trådløs teknologi og bandbredde er naudsynt for at IKT kan vere eit hjelpemiddel i alle fag.
- Skulen bør ha høve til å kunne samle alle elevar og tilsette i eitt rom, t.d. i aula/samlingsrom/kantine eller i gymsal/idrettshall.
- Skulen skal stette krav til miljøretta helsevern i høve til inneklima, areal pr elev/tilsett, reine og skitne sonar i garderobar og uteareal.
- Det skal sikrast godt tilgjenge / funksjonalitet for alle elevar og tilsette (universell utforming). Prosjektet ynskjer å ha eit spesielt fokus på dette og skape likeverd for

- alle brukarar uavhengig av funksjonsnivå.
- Skuleanlegget skal invitere til nærmiljøtiltak og aktiv bruk etter ordinær skuletid. Det er viktig at rom for kroppsøving og uteområde har ei god tilknytning til idrettsparken, «Brekkeløypa» og Nordhordlandshallen.
- Det skal vera enkelt å soneinndele skulen for bruk utanom skuletid.
- Prosjektet ynskjer å ha eit spesielt fokus på uteområdet slik at dei kan nyttast som lærings- og aktivitetsarena. Uteområdet bør delast inn i ulike aktivitetssoner.
- Det er veldig viktig med ei god og trygg trafikkkløysing i samband med henting/bringning av elevar, parkering og varelevering.
- Det vil også blir lagt opp til ei utgreiing saman med IKT om ein skal leggje til rette for eit callinganlegg, slik at ein kan nå ut til alle på skulen med beskjed over høgtalar.

Dei faglege tenestene verksemda skal yte:

Skulen skal ha dei funksjonar den har i dag, dvs 1.-7. klasse med begge skriftspråk, helsesystem, SFO (1-4.trinn) og rom for kroppsøving og tilrettelegging for elevar med vedvarande spesielle behov. Lag og organisasjonar skal kunne nytte delar av skulen på kveldstid.

Dette inngår ikkje i prosjektet

- Kulturbygg eller omfattande kulturlokale.
 - Basishall/større fleirbrukshall
 - Symjehall/terapibasseng
 - Læringsssenteret inn i Knarvik barneskule (Det som er LOAS i dag)
 - Midlar til kjøp av skuleomt
- Prosjektet meiner det burde greiast ut nærare om Læringsssenteret skal inn i ny Knarvik barneskule.
Gjennom prosjektet organisering av område Oppvekst, arbeide ein med målsetjinga om at organiseringa skal støtte opp om satsing på tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats.

Gjennom denne prosessen definerte ein mål om å ha tett samanheng mellom den ordinære opplæringa og spesialpedagogiske tiltak, samt at elevane bør få mest mogleg tilrettelegging i den ordinære skulen.

Dette var noko av grunngeving for å leggje spesialpedagogisk avdeling ved Læringsssenteret inn under eksisterande Knarvik barneskule frå 1.8.15. Denne avdelinga gir tilbod til elevar frå fleire skular i kommunen.

- Vi vil etablere eit eige prosjekt som vil sjå på behovet for hallkapasitet i Knarvik. Her vil vi involvere idrettsrådet og idrettslaga. Viss det kan vere eit alternativ og utvide arealet for kroppsøving på skulen, vil vi ta dette opp til politisk avgjerd.
- Alversund skule har i dag eit symjebasseng, men også denne skulen skal byggjast ny. Bassengkapasiteten i Lindås er i dag for dårleg i høve til behovet, som tilseier at alle elevane i grunnskulen bør ha opplæring til ein har oppnådd tilfredsstillande kompetanse i symjing/livredning. I dag er det dei yngste elevane som får mest opplæring i basseng, og då med fokus på å lære å symje. Elevar i ungdomsskulen er dei som får færrest timar i basseng i løpet av skuleåret.
Kommunen bør sikre seg tilstrekkeleg tal basseng til å kunne stette krava i opplæringslov og læreplan. I denne samanheng bør ein også vurdere samla behov for basseng opp mot kompetansekrav i læreplanen. Om ein skal byggje nytt skulebasseng i Alversund, eller om denne skal byggjast saman med Knarvik barneskule, eventuelt som eige prosjekt i Knarvik bør avklarast snarast.

- Det vi har sett på i denne fasen er at det er plass til ein symjehall på 25x16m, terapibasseng på 12,5x8m og hall for kroppsøving på 16x24m. Det er også plass til ei utvida spes.ped-avdeling/Læringsssenter på tomta.

Kapasitetar

Generelt

Det skal byggjast ein skule med kapasitet til å ta imot 350 elevar med omsyn til elevprognosane for 2030. Det skal og planleggjast for ei utviding for ytterligare 100 elevar på regulert naturtomt (188/116/0) på Kvernhusaugane aust, mellom Knarvik kyrkje og Knarvik barnehage. Grunnen til at ein gjer det er at reguleringsplan for Knarvik sentrum, Lonene og ei eventuell kommunesamanslåing kan føre til at det vert ei betydelig vekst i området. Då skal vi vite akkurat kor vi bygg på og korleis. Det sentrale funksjonane og romma i grunnbygget skal dimensjonerast for 450 elevar.

For arealnormer; sjå rettleiande arealprogram henta frå kommunedelplan for grunnskulen i Lindås på neste side.

Vi har lagt til grunn ein skule på 4500 m². Klasserom/undervisningsrom; arealnorm er min. 2 m² pr elev, dersom det er tilleggsareal som f.eks. grupperom. Viss ikkje bør arealnorma vera ca. 2,5 m². Areal for tilsette i klasserommet kjem i tillegg. Kvar lærar skal ha 6 m² i eit lærararbeidsfellesskap.

Sidan det er valt samspel som metode, er det ikkje alle elementa i byggeprogrammet prosjektet har utreda enno. Dette blir gjort for at vi ikkje skal leggje for sterke rammer før prosessrettleier og samspelsgruppe er på plass. Dette gjeld mellom anna romprogram med eksakte mål på dei ulike romma.

Rom for kroppsøving

Skulebruksplanen seier at ein skule med 350 elevar skal ha eit rom for kroppsøving på 350m². Skulen har eit behov for å kunne dele av hallen med skiljevegg for å auke kapasiteten. Vi har difor lagt inn ein hall med areal på 16x24 m (384m²) med eit styrkerom på 40m² og garderobar. Denne auka vil kunne gje spelemiddeltilskot på inntil 4 mill. Auken i areal vil i stor grad dekkast av spelemidlane.

Uteareal

Vi følgjer Helsedirektoratet [2] sine normer og anbefalingar for skulen sitt uteareal med kvadrat pr elev.

Uteareal

Vi følgjer Helsedirektoratet [2] sine normer og anbefalingar for skulen sitt uteareal med kvadrat pr elev.

Type areal	Funksjonar	BARNESKULE				
		50 ELEVAR	100 ELEVAR	200 ELEVAR	300 ELEVAR	400 ELEVAR
BASEAREAL	Arbeidsareal, gruppeareal, formidlingsareal, nærlager, garderobar, base for SFO.	272	526	1001	1502	1982
SPELALROM	Bibliotek, Mat og helse, Musikk/drama, Naturfag/vekstrom, Kunst og Handverk (KOH)	220	300	400	505	570
IDRETTSAREAL	Gymsal, apparatrom/lager og garderobar	250	250	320	350	350
KANTINE/SAMLINGSROM	Kantine/samlingsrom/amfi/aula	30	50	75	85	100
ADMINISTRASJON OG PERSONAL	Kontor rektor, kontor ped. personale, forkontor, kopi/produksjon, arkiv/rekvisita, møterom, personalrom, lærerarbeidsplassar, elevtenester, garderobar/toalett.	131	227	293	403	470
DRIFTS OG STØTTE-FUNKSJONAR	Fjernlager for skulen, lager og bøttekott for reinhaldspersonell, eigar sitt rom, kjølerom, avfallsrom, tele- og datarom (tekniske rom er inkl. i påslag/b/n-faktor).	75	85	105	120	130
SUM NETTOAREAL		977	1438	2194	2965	3602
SUM BRUTTOAREAL	35 % påslag på nettoareal; tekniske rom, veggar, trafikkareal, inngangsparti/foajé, møteplassar m.m.	1319	1941	2962	4003	4863

Samla bruttoareal utan kroppsøving		982	1604	2530	3531	4391
---	--	------------	-------------	-------------	-------------	-------------

BTA (m2) pr. elev utan kroppsøving	19,6	16,0	12,7	11,8	11,0
BTA (m2) pr. elev medrekna kroppsøving	26,4	19,4	14,8	13,3	12,2

Tabell 1 – Rettleiande arealprogram for skular i Lindås kommune[1]

Organisasjonsmodell

Generelt

Vi legg til grunn 3 parallellar (A, B og C-klasse) med bakgrunn i språkdeling. Det skal maks vere 28 elevar i ei klasse.

Alle trinn skal i sitt heimeområde ha garderobar med toalett, undervisningsareal, grupperom og lager. Desse areala bør vere transparent og fleksible. Skulen skal ha desentraliserte inngangar til kvart trinn.

Ein skule med 350 elevar har behov for omlag 35-40 lærarar; Sjå elles kap. 9, rettleiande arealprogram for skular i Lindås kommune.

Tabell 1 – Rettleiande arealprogram for skular i Lindås kommune[1]

Organisasjonsmodell

Generelt

Vi legg til grunn 3 parallellar (A, B og C-klasse) med bakgrunn i språkdeling. Det skal maks vere 28 elevar i ei klasse.

Alle trinn skal i sitt heimeområde ha garderober med toalett, undervisningsareal, grupperom og lager. Desse areala bør vere transparent og fleksible. Skulen skal ha desentraliserte inngangar til kvart trinn.

Ein skule med 350 elevar har behov for omlag 35-40 lærarar; Sjå elles kap. 9, rettleiande arealprogram for skular i Lindås kommune.

Det skal leggjast til rette for ein fellesarena i skulen der det er mogleg å samle fleire klassetrinn. Denne kan gjerne vere fleirfunksjonell.

Det er i dag om lag 90 elevar som nyttar SFO på Knarvik barneskule. Estimert for framtidig behov er 130-140 elevar. Lokale til SFO følgjer skulen si arealnorm på 2,5 m² pr. elev for basen.

Kontoret til helsesyster bør liggje i nærleiken av andre sentrale funksjonar i skulen.

Rommet må kunna nyttast til teiepliktige samtalar.

Spesialiseringsnivå

Generelt - Inne

Det skal vere rom for kunst og handverk, musikk/drama, kantine, skulekjøkken, bibliotek, SFO og helsesyster. Det skal skiljast mellom rein og skitten sone. Ny Knarvik barneskule bør leggjast til rette med tanke på servering av varm mat fram i tid, ref [1]. Om ein ikkje installerer storkjøkenutstyr med ein gong, bør det settast av plass til slikt utstyr seinare, og ein må greie ut krav til fettavskillar med meir.

Spesialpedagogisk tilrettelegging

Uavhengig av om heile læringscenteret skal inn på skulen, ref pkt2.2, skal den nye skulen innehalde spes.ped.-funksjonar som undervisningsrom som er skjerma og godt lydisolerte med tilhøyrande grupperom, sanserom og stellerom med plass for personløftar for elevar med vedvarande spesielle behov.

Driftskonsekvensar/LCC-vurdering (livssyklus kostnader)

Prosjektet vil ha stort fokus på at dette skal vera eit bygg med gode materialkvalitetar og låge driftskostnader. Vi vil ha spesiell fokus på energiløysingar (ref. punkt for kvalitetskrav), effektivt reinhald og vedlikehaldsfrie material.

Tomteval


Areal til ny barneskule er lokalisert sentralt i Knarvik for å gje flest mogleg born gode gang- og sykkelveggar frå sitt bustadområde til skulen. Tomta er stor (ca. 23 mål) slik at det kan leggjast til rette for gode uterom med varierte aktivitetar tilpassa born i ulik alder og med ulike fysiske føresetnader. Topografien skal nyttast som ein positiv ressurs for ei utfordrande og spennande skuletid og fritid på området.

Tomta (188/116/0) er eigd av Lindås Tomteselskap AS. Det er ikkje registrert heftingar på tomten. Det må inngåast avtale om kjøp/makebyte med tomteselskapet. I området for ny parkeringsplass (P3) ligg delar av arealet inne på Stallamarka burettslag sin eigedom (188/759). Dersom p-plass skal løysast her må det gjerast avtale om kjøp av grunn. Det er ikkje lagt inn midlar til kjøp av tomt i prosjektet.

Offentlege godkjenningar knytt til tomt, vatn, avløp og kraft

Frå reguleringsføresegnene:

T3 gjeld tomt til ny barneskule. Skulebygg med areal for kroppøving skal oppførast innanfor byggegrense vist på plankartet. Konstruksjonar og anlegg som naturleg høyrer til utomhusareal til skulen kan oppførast utanfor byggegrensa. Areal innafor byggegrensa er ca 8 mål.



Bilde 1 – Utsnitt frå reguleringsplan Plan ID 1263 200904, område T3

Det kan oppførast bygg og anlegg knytt til undervisning på området.

Det er tillate med bygg oppført i 3 etasjar med maksimal byggehøgde på 12 m. Idrettshall kan ha ei byggehøgde på inntil 15 m. Høgste tillate tomteutnytting er sett til %BRA=30%.

Parkering skal skje på parkeringsplass P3.

Krav til parkering er sett til 1 plass pr tilsett. Henting og bringing av elevar skal primært skje i avsetningslomme langs veg 7. Inne på skuleområdet skal det etablerast minimum 2 parkeringsplassar for rørslehemma.

Konsekvensar knytt opp mot ei eventuell endring av reguleringsplan

I eit møte med planavdelinga 12.10.15 meiner prosjektgruppa at det vil være føremålstenleg å utføre ein mogelegheitsstudie med omsyn til trafikkkløysing for veg 7 mellom Knarvik barnehage og skuletomt. Her vil ein sjå på ulike behov mtp trafikk og kva som gjev den beste løysinga med omsyn til elevar, foreldre/føresette, tilsette, varetransport etc. Dersom studien viser at det kan lagast ei betre løysing vil ein så orientere Plan- og miljøutvalet om ei mogeleg reguleringsendring og bakgrunn for endringa. Eventuelle reguleringsendringar (justering av trafikkkløysing, byggegrense etc) vil samlast i ei detaljregulering. Dette kan løysast parallelt med øvrig planlegging av skuletomta.

Vatn og avløp

Dette området ligg godt til rette når det gjeld vassforsyninga. Det er lagt opp til to tilkoplingspunkt for vatn til ny Knarvik barneskule. Behov for kapasitet på VA-anlegget må utgreiast meir i seinare fasar.

Kostnadsoverslag på investering og årskostnadar

Skulebygning inkl. hall for kroppøving (16*24m)	175 mill inkl mva
Kjøp av skuletomt	Ikkje avklart. Er i dialog med Lindås tomteselskap om kjøp eller makebyte

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Tidlegare budsjett	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Sum 2015-2019	Sum 2016-2019
Ny Knarvik barneskule	175 000	150 000	1 800	50 000	75 000	48 200	175 000

Kostnadene som skal dekkast av denne ramma kan delast inn i:

- *Prosjekteringskostnader.*
- *Gjennomføring av samspelskonkurransse – honorering.*
- *Timar for prosjektleiar/ass (eininga).*
- *Prosessretteleiar (ekstern konsulent).*
- *Bygg- og anleggskostnader.*
- *Tilknytningskostnader, kommunale kostnader*
- *Trafikkanlegg.*
- *Uavhengig kontroll*
- *Risikomargin.*

Kvalitetskrav

Energi (§1.4 1 Fellesføresegner i reguleringsplanen)

Basert på Kommunedelplan for Klima og energi 2010-2020 er anbefalte energikrav gjeve i vedteken områdeplan for Lonelva- Juvikvarden, Knarvik (10.03.11-SAK38/1) nytta for ny Knarvik barneskule:

- Passivhusstandard og/eller
Leggje til rette for forsyning av vassbåren varme, og bygget skal kunne knytast til framtidig fjernvarmeanlegg.

Ord og uttrykk

Lista under gjev ei avklaring på dei uttrykk som er nytta i byggeprogrammet

Trinn	Elevgruppa på same årstrinn.
Trinnområde/Base	Arealet som høyrer til eit bestemt årstrinn. Alle elevar har fast tilhøyrslse til eit slikt trinnområde.
Klasserom Team	Undervisningsrom for den enkelte klasse Dei lærarane som har ansvar for undervisning av elevar på same trinn.
Fellesområde	Areal og rom i anlegget som er tilgjengeleg for fleire trinn samtidig. Dette kan vere samlingsarena med kantine, bibliotek, aula eller andre meir uformelle møteplassar.
Spesialiserte areal	Areal som det spesielt legg til rette for bestemte fagområder. Areal kan nyttast av alle trinna. Bruken vil som oftast vere timeplanlagt, slik at dei ulike trinna har romma disponible til faste tider. Døme kan vere rom for mat og helse, kunst- og handverk og musikkrom.
Sambruk	Når eitt areal kan nyttast til fleire typar aktivitet, til dømes SFO og skule, skule og idrett, musikk eller kulturaktivitetar og så vidare.

Basishall	Hall der ein ikkje legg til rette for tradisjonell ball- eller lagidrett, men andre idrettar, først og fremst turn men også karate, parkour, tricking, trampett osv. Fysakhallen i Bergen er eit døme på ein slik alternativ hall.
Transparent	I denne samanheng meines transparent at skulebygget skal opplevast oversiktleg og åpent der dette er føremålsteneleg. Bidra til tryggleik for elev og lærar.

Kjelder

[1] Kommunedelplan for grunnskulen i Lindås 2009-2020.

[2] Helsedirektoratet – Veileder IS 2073 2014; Miljø og Helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

RETTELEIANDE AREALPROGRAM FOR SKULAR I LINDÅS KOMMUNE

RETTELEIANDE AREALPROGRAM FOR SKULAR I LINDÅS KOMMUNE									
NØKKELTAL									
Elevar (dimensjonerende)	50	100	200	300	400	150	250	350	450
Heimebasar 1)	3	7	7	14	14	6	9	12	15
Adm. personale	1	2	2	3	3	2	3	4	5
Pedagogisk personale	4	10	15	23	30	14	21	28	35
Andre tilsette 2)	3	3	5	7	10	4	5	7	10
AREALTYPE	BARNESKULE					UNGDOMSSKULE			
	50 ELEVAR	100 ELEVAR	200 ELEVAR	300 ELEVAR	400 ELEVAR	150 ELEVAR	250 ELEVAR	350 ELEVAR	450 ELEVAR
ALLMENT LÆRINGSAREAL:									
Elevane sine arbeidsplassar/baseareal	100	200	400	600	800	300	500	700	900
Formidling/gruppe/fellesareal	80	160	320	480	640	240	400	560	720
SFO-base (inkl. lager) 3)	30	40	50	65	80				
Elevgarderobar og toalett (inkl. HC-toalett)	53	105	210	315	420	138	230	322	414
Nærlager	9	21	21	42	42	18	27	36	45
Sum allment læringsareal:	272	526	1001	1502	1982	696	1157	1618	2079
SPESIALISERT LÆRINGSAREAL:									
Bibliotek	30	50	60	75	90	90	100	110	120
Skulekjøken (med matlager og kjølerom)	30	40	60	80	80	80	80	80	80
Musikk/drama (med lager og øvingsrom)	60	80	80	100	100	100	110	110	110
Naturfag (vekstrom og rom til forsøk)	20	30	60	70	80	60	80	100	100
Kunst og håndverk (med lager)	80	100	140	180	220	220	220	250	250
Kroppøving (sal/garderobar/lager)	250	250	320	350	350	350	350	350	700
Sum spesialisert læringsareal	470	550	720	855	920	900	940	1000	1360
ADMINISTRASJON OG PERSONAL:									
Kontor for skulen sin administrasjon	25	45	45	55	55	45	55	70	80
Møterom	15	20	25	30	30	25	30	30	30
Kopi/arkiv/lager/rekvisita/post (adm)	15	20	25	30	30	20	25	30	30
Personalgarderobe/dusj/WC	10	18	24	36	47	22	32	43	55
Personalom	20	33	44	60	70	40	55	70	80
Lærararbeidsplassar/møterom/prod.rom	36	76	110	162	208	100	147	193	240
Sum administrasjon og personal:	121	212	273	373	440	252	344	436	515
ANDRE AREAL:									
Samlingsrom/kantine	30	50	75	85	100	70	80	90	100
Elevtenester 4)	10	15	20	30	30	20	30	30	30
Reinhold (bøttekott og lager)	15	15	15	20	20	15	15	20	20
Driftspersonell (eigar sitt rom)	10	10	10	10	10	10	10	10	10
IKT/telefoni	10	10	10	10	10	10	10	10	10
Lager/boder/verkstad/bossrom	40	50	70	80	90	60	75	85	95
Tekniske rom 5)									
Sum andre areal:	115	150	200	235	260	185	220	245	265
Sum nettoareal for skuletype:	977	1438	2194	2965	3602	2033	2661	3299	4219
35 % påslag; tekniske rom, veggar, trafikkareal, inngangsparti/foaje, møteplassar m.m.	342	503	768	1038	1261	712	931	1155	1477
Samla bruttoareal:	1319	1941	2962	4003	4863	2745	3592	4454	5696
Samla bruttoareal utan kroppøving	982	1604	2530	3531	4391	2273	3119	3982	4751

BTA pr. elev utan kroppøving	19,6	16,0	12,7	11,8	11,0	15,2	12,6	11,4	10,8
BTA pr. elev medrekna kroppøving	26,4	19,4	14,8	13,3	12,2	18,3	14,4	12,7	12,7

- 1) Talet på heimebasar vil avhenge av vald organisering
- 2) Reinholdarar, vaktmeister/driftspersonell, assistentar m.m.
- 3) SFO skal ha utstrakt sambruk med "skulen sitt" areal
- 4) Skulehelsesteneste, logoped, ppt, rådgjevar (sambruk)
- 5) Areal vil avhenge av tekniske løysingar (er med i bruttoarealet)

